

REGLAR FOR BRUK AV KULTURHUSET

Kulturhuset består av kultursal, kjøken og øvrig areal i 1.etasje av Lesja kultur- og idrettsbygg. Kultursalen blir brukt av Lesja skule på dagtid, i tillegg til ulike øvingar, arrangement, kurs og møter.

Når det er så mange ulike brukarar av arealet, må vi ha nokre "køyreregler".

Ordensreglar - kultursal

1. Det skal ikkje gå føre seg aktivitetar i kultursalen utan at ein vaksen er ansvarleg.
2. Det er ikkje lov å setje noko på flygelet som står i kultursalen.
3. Lag og foreiningar som brukar kultursalen skal sjølve rydde på plass stolar og anna utstyr dei evt. har brukt.
4. Det er ikkje lov å bruke instrument eller anna utstyr som finst i kultursalen utan avtale.
5. Gardinene framom vindauge skal tas opp etter bruk.

Ordensreglar - bruk av kjøken

1. Bruk av kjøken må avtalast på førehånd.
2. Alle ryddar etter seg sjølve.
3. Ved bruk av oppvaskmaskin: reint dekketøy skal setjast på riktig plass i skuffer og skap, maskina skal tømastes, silar og propp skal tas ut.
4. Brukte vaskefiller og kopphanddukar skal leggjast på tilvist plass.
5. Hugs å slå av kokeplate, dra ut stikkontakt til kaffetraktar, slå av ljoset og lås døra.
6. Dersom utstyr blir øydelagt, eller manglar blir oppdaga, skal vaktmeister varslast.

Ordensreglar - fellesareal (vestibyle+ "glasrom")

1. Ved servering: tørk av bord og ta opp evt. smular frå golvet. Kost og sopebrett står på kjøkenet.
2. Set på plass stolar og bord som de evt. har sett fram sjølve.

Felles for alle rom:

Dersom alle ryddar litt meir enn dei rotar, vil det alltid vere ryddig og triveleg når nestemann kjem😊